

Årsplan 2025
2026



Ålesund
kommune



Rabbevågen barnehage

OPEN, ENGASJERT OG MODIG

Rabbevågen barnehage

Årsplan 2025-2026
Godkjent av SU

A photograph of a child with long blonde hair, wearing a pink headband, a bright pink and yellow jacket, and purple boots, climbing a large tree trunk. The child is seen from behind. In the background, another child in a green vest and red pants is also climbing a tree. The setting is a park with trees and a path.

Alle barn skal oppleve å bli sett, hørt og kjenne seg verdifulle i eit inkluderande, stimulerande og lærande miljø.

Vi møter barna med respekt, likeverd, aksept, tillit og tiltru.

Personalet skal vere varme, tydelege og omsorgsfulle rollemodellar, og vise ekte interesse for det enkelte barn - fordi kvart enkelt barn er unikt.

Vi støtter og rettleiar borna, slik at dei får utfordringar tilpassa alder, utvikling og behov.

Det fysiske miljøet og planlegging av dagen skal gi gode moglegheiter til lek og samspel mellom barna.

Ved å dele inn i mindre grupper kan vi

tilpasse det pedagogisk opplegget og aktivitetane godt.

Borna skal få impulsar og inspirasjon til å sette i gang eller vidareutvikle leiken.

Kvart enkelt barn skal bli inkludert i lek og samspel.

Eit godt og nært samarbeid med borna sine føresette er svært viktig for oss.

Føremålet med barnehagen sin årsplan

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen

Rammeplan for barnehagen - innhald og oppgåver, 2017, s. 37

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der innhaldet skal planleggast og vurderast. Barnehagen sitt pedagogiske arbeid skal vere grunngeven i Barnehagelova og i Rammeplanen. Med utgangspunkt i Rammeplanen skal barnehagen sitt samarbeidsutval fastsetje ein årsplan for den pedagogiske verksemda.

Det vert utarbeidd ein årsplan for kvart barnehageår i kvar barnehage. Årsplanen vert publisert på nett og sendt ut på e-post til alle foreldre og føresette når den er fastsett. Årsplanen ligg til grunn for vidare arbeid med planar for kortare og lengre tidsrom, og for ulike barnegrupper ved behov.

Årsplanen sin funksjon

Årsplanen skal synleggjere korleis barnehagen omsett barnehagelova i praksis, og arbeider målretta for å sikre det pedagogiske arbeidet. Ifølgje rammeplanen har planlegging av barnehagen sitt innhald og arbeid fleire funksjonar:

- Personalet får grunnlag til å tenke og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet
- Det gjev kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa
- Synleggjer barnehagen si tolking og realisering av rammeplanen
- Gjev utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda

Barnehagen sin årsplan er også eit viktig dokument for eigar og myndigheitene si oppfølging og tilsyn med barnehagen. Den er nyttig å bruke i samarbeid med føresette og andre samarbeidspartnarar.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.


Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering

Lov om barnehager, 2005, §1. Formål

Organisering av dei kommunale barnehagane i Ålesund





Rabbevågen barnehage

Rabbevågen barnehage opna desember 2008 og ligg i Ålesund i bydelen Veggund. Barnehagen er flott plassert i nærleiken av Stafsethneset friluftsområde som byr på rike moglegheiter til allsidige og utfordrande opplevingar. Dette inneber at det å nytte nærmiljø og naturen vil vere ein viktig del av barnehagen og det pedagogiske arbeidet. Vi går mykje på tur i skogen og i fjøra.

Barnehagen sin leikeplass er ein kombinasjon av leikeapparat og fallmatter, asfaltert sykkelveg og kupert terreng og skog. Dette bidreg til at både små og store barn kan få oppleve naturen til dagleg, og dei får tilpassa motoriske utfordringar.

Barnehagen er godkjent for 90 plassar.

Barnehagen gir eit pedagogisk tilrettelagt tilbod til barn i alderen (0) 1-6 år. Barna er fordelt på fire avdelingar ut ifrå alder, dette er Gul, Oransje, Blå og Grøn gruppe.

Kontaktinfo

Marthe Lundemo

Verksemdsleiar Ålesund midtre

Telefon: 415 18 135

marthe.lundemo@alesund.kommune.no

Synnøve V. Folkestad

Styrar

Telefon: 404 82 201

synnove.vassbotn.folkestad@alesund.kommune.no

Oransje gruppe

908 75 364

Pedagogisk leiar
Barnehagelærer
Fagarbeider
Assistent

Aase-Jorunn Bjørkelid
Karoline Svindset Fet
Eva Karin Håndlykken
Gry Kaldhussæter

Gul gruppe

909 23 469

Pedagogisk leiar
Fagarbeider
Assistent
Assistent
Assistent
Assistent

Jeanette Malene N. Juul
Linda Kristin Røvreit
Grethe Louise E. Blindheim
Andrea Dedic
Mathea Holmeset
Tamanna Rahmatullah

Grøn gruppe

909 06 529

Yngve F. Byrkenes
Kristine Flisnes
Synnøve L. Bjermeland
Marita Steffensen

Pedagogisk leiar
Barnehagelærer
Fagarbeider
Assistent

Blå gruppe

908 31 562

Brit Marit Indrestrand
Emil Øren
Camilla Strømmland
Tamanna Rahmatullah

Pedagogisk leiar
Barnehagelærer
Fagarbeider
Assistent

Samarbeidsutvalet - SU

Kristin Håholm Dahl

kristindahl@gmail.com

foreldrerepresentant

Lise Iversen Bunsophon

liseiversenb@hotmail.com

foreldrerepresentant

Kathinka Grebstad Remøy

vara for foreldrerepresentant

Julie-Anne Relling Bjørkavåg

vara for foreldrerepresentant

Linda Kristin Røvreit

linda.kristin.rovreit@alesund.kommune.no

ansattrepresentant

Kristine Flisnes

kristine.flisnes@alesund.kommune.no

ansattrepresentant

Verdiar

Det er viktig for oss at alle barn har det trygt og godt når dei er i barnehagen. Alle barn har like stor verdi og skal bli verdsett i like stor grad. Vi som jobber

Barndom har ein eigenverdi og det er viktig å huske på at barn er ikkje berre på veg til å bli vaksne, dei er barn her og no og vi må ta barndom på alvor. Vi skal skape gode dagar for alle borna i Rabbevågen barnehage.

Her er alle velkomne og vi skal respektere ulike måtar å leve på, kulturforskjeller og ulikskapar. Vi vil gjerne understreke at ulikskap og mangfald er ein rikdom som vi verdsett veldig høgt. Det å lære kvarandre å kjenne og godta at vi er ulike er viktig for fellesskapet. Gjennom programmet Livet og sånn jobbar vi med å skape gode haldningar til ulikskapar blant borna.

I tillegg til dei kristne høgtidene ved jul og påske markerer vi Eid ein gong i året, vi har rockesockdagen 21 mars og kvar haust har vi ein haustfest der vi har tombola til inntekt for eit veldedig formål. Dei to siste åra har det vore sjukehusklovnane og det har opna opp for mange samtalar med borna. Kvifor er sjukehusklovnane og korleis er det å kjenne noken som er sjuke.

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.


Rammeplanen kapittel 3

Omsorg

Å vise omsorg er noko som står heilt sentralt i barnehagekvardagen. Dei vaksne viser omsorg til borna og lærer dei å vise omsorg for kvarandre. Vi menneske treng å bli møtt med omsorg, vi er heilt avhengige av det for å utvikle oss og lære. Vi i barnehagen er profesjonelle omsorgsgivarar. Det å vere profesjonell er å ta gjennomtenkte val, utøve profesjonelt skjønn og vite kva som er best i ulike situasjonar. Det er vår jobb å møte alle borna med dei utfordringane og den bagasjen dei har med seg med omsorg. Og saman med omsorg kjem omgrep som anerkjenning, respekt og likeverd. Foreldre som leverer frå seg det kjæraste dei har til oss skal kjenne seg trygge på at borna deira vert møtt med omsorg.

Danning

Borna skal ut i den store verda og bli ansvarlege samfunnsborgarar med kunnskap om korleis en skal te seg og skjøne skilnad på rett og gale. Dei må trene på å tenkje sjølv og at deira handlingar påverkar omgivnadane rundt dei. Saman med omgrepet danning kjem medverknad og progresjon. Barna skal oppleve at deira meiningar og synspunkt er viktige.



Leik og vennskap

Leiken er det som er viktigast for borna. Det finst mykje informasjon i leiken. Personalet i barnehagen må ha god kunnskap om leik og korleis vi kan bruke leiken til å observere og hente ut nyttig informasjon om borna og trivselen. Det er kritisk for eit barn å bli utestengt frå leiken. Det å ha gode venner og oppleve at ein blir likt av vaksne og andre barn er noko av det som er viktigast for trivselen til barnet. Leik må vere indremotivert og frivillig. Dersom det ikkje er frivillig og lystbetont er det ikkje leik. Leik har ein eigenverdi for barnet og er med på å utvikle «eg'et» til barnet.

I barnehagen er det mange barn og like mange behov. Nokre barn må skjermast og har behov for å vere i mindre grupper for å kunne leike. Av og til er det naudsynt å vere berre to barn og ein vaksen for at det eine barnet som strevar med å klare å leike eller ha eit fruktbart samspel med andre barn skal kunne meistre å halde på ein leik over tid. Slike tiltak er diskutert og fagleg begrunna i personalet og det krev i nokre tilfeller mykje logistikk og høgare arbeidspress på dei som «står att» med resten av barnegruppa. Det kan for dei som ser det utanfrå sjå ut som nokre barn får meir enn andre men sanninga er at dette er ein måte å inkludere alle barna i leik. Behovet til barnet vil endre seg dersom personalet har jobba systematisk med å ruste barnet til å klare meir sjølv i leiken. Då vil barnet trenge mindre vaksenstøtte og vil få det betre i samspel med andre. Dette er eit kontinuerleg arbeid og krev at personalet har høg kompetanse på å observere og fange opp barna sine behov.

Vi i Rabbevågen barnehage har diskutert kva leikande vaksen kan vere og alle er einige i at det kan betyr fleire ting. Det kan vere at den vaksne er med på leiken, gjerne då for å hjelpe eit barn inn i leiken. Det kan vere å ver oppfinnsam å sette i gang regel-leikar. Det kan vere å svare leikande på innspel frå borna å gjere rutineprega situasjonar kjekkare med ein lystigare og meir leikande framtoning.

Barna sin måte å leike på inneber at dei «gir seg hen» i leiken og gløymer tid og stad. Ein slik måte å leike på vil vere umogleg for vaksne å følgje, for vi er nettopp det; vaksne. Vi vil alltid ha tankane våre ein annan stad (Vi må halde oversikt, passe tida, og gjere oppgåvene våre elles.)

Vi skal etterstrebe å møte borna på ein leikande måte. Vere påkopla og tone oss inn på barna. Ta tak i det dei er opptekne av å bruke det i kvardagen slik at born kjenner seg viktige og meistarar leik og samspel med andre.

Det er i barnehageåra barna tileignar seg mest kunnskap. Utviklinga frå barnet er 1 – 6 år er formidabel og ikkje på noko anna tidspunkt i livet går utviklinga så fort. Det at dei som arbeider med små barn har tilstrekkeleg kunnskap om barn og korleis barn utviklar seg er heilt avgjerande for samfunnet.

Læring

Barna lærer gjennom leik og gjennom samspel med andre barn og vaksne. Her er det viktig at personalet skjønar si rolle som førebilete. Vi må forvente av personalet at dei ter seg på ein slik måte som vi vil at borna skal lære av. Dvs td at vi er snille med kvarandre og er gode eksemplar på språk og åtferd.

Læring er alt som barna tileignar seg av ny kunnskap.

Ikkje berre rekning og skrivning men likså viktig;

sjølvstende og sosiale koder,

kunnskap om samfunnet og respekt for andre.



Vaksenrolla

Kva betyr det å vere ein trygg vaksen for borna? I utgangspunktet handlar det om å ha ein autoritativ veremåte/vaksenstil. Den autoritative vaksne har kontroll i situasjonen og er samtidig varm i møte med borna. Ein set grenser og følgjer opp reglar, men på ein måte som tek vare på barnet sin sjølvfølelse. Då vert borna tryggare på dei vaksne, dei vert tryggare på seg sjølve og på kvarandre. Den autoritative vaksenstilen har store fordelar for trivsel, læring og utvikling.

Det er veldig viktig at dei som arbeider tett på barn og unge skjønner korleis dei påverkar barnet si sjølvkjensle og kva det vil seie å ha god sjølvkjensle både no og seinare i livet. Vi skal vere med på å ruste borna til å møte både oppturar og nedturar i livet og då er det avgjerande at vi veit kva konsekvensar det kan få om vi bryter ned sjølvkjensla i staden for å bygge den opp.

Barnehagen sine satsingsområder

Uviklingsarbeid i Rabbevangen
Rekomp (regional kompetanseheving) har hatt stor innverknad på arbeidet vårt over fleire år.

Vi har innført ASK gjennom dette arbeidet og i år har vi tatt eit steg vidare. Vi ønsker å framheve viktigheta av å lese til barn. Gjennom lesing tileigner borna seg mykje språkutviklande erfaringar. Problemstillinga vår i år er «korleis kan vi sikre at alle barn vert lest for?»

Born er jo ulike, har ulikt oppmerksomhetsspenn og ulike interesser så å lese ei bok til barn vil opplevast svært ulikt frå barn til barn. Vi vil gjerne at borna vert vande med å bli lest for frå dei er heilt små. Vi vil tilby god litteratur og gode krokar som innbyr til å sette seg ned å lese. Vi er også i gang med å opprette eit heilt eige bilbliotek. Dette skal bli eit koseleg, roleg rom for lesing og speling. Den nye språkplanen som Ålesund kommune har utvikla skal implementrast i arbeidet vår og er i tråd med det arbeidet vi alt har sett i gang.

I Ålesund kommune er alle barnehagane no miljøsertifisert. Det vil seie at vi rapporterer kvart år på mengde søppel og andre tiltak vi gjer for miljøet. Barna skal få eit forhold til det å sortere søppel. Drive med gjenbruk av matrealer, så og hauste eigne grønsaker og mykje meir, sjølv sagt tilpassa alder og modning.

«korleis kan vi
sikre at
alle barn
vert lest for?»



Barns medverknad

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å legge til rette for, og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagen sitt daglege innhald, jf. Lov om barnehager kap II- §3, grunnloven §104 og FNs barnekonvensjon artikkel 12 nr.1

I følge rammeplanen kapittel 4 skal barnehagen vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaring, dei individuelle føresetnadene og behova til barna.

Det skal vere ein naturleg progresjon i barnehageløpet og det som ein 5 åring kan uttale seg om å ha meiningar om er ikkje det same som ein 1 åring kan. Her må personalet bruke profesjonelt skjønn og vite korleis dei kan fange opp signal frå dei barna som ikkje har verbalt språk. Alle barn skal bli høyrte og få moglegheit til å påverke sin eigen kvardag. Dette må vere tilpassa situasjonen, alder og mogning. At barna skal få medverke er ikkje det same som at dei skal bestemme. Dersom dei vaksne klarer å ha ei autoritativ innstilling skal ein kunne klare å sette akkurat passe grenser samtidig som barna vert høyrde.

Medverknad høyrer saman med danning og læring. Barna i barnehagen skal få oppleve å vere ein del av eit demokratisk fellesskap. Eit fellesskap der deira meiningar betyr noko og deira handlingar påverkar kvardagen.

Samarbeid

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg

(Rammeplanen kap 5)



For å sikre samarbeid med heimen, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet bestemt av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagen sin eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn i kvar av dei andre gruppene. Barnehageeigar skal syte for at saker av viktigheit vert lagt føre for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Foreldremøter

Vi har to foreldremøter i året. Haust for alle foreldre, samt eit eige møte for førskuleforeldre. Og ei foreldremøte for nye foreldre i løpet av mai.

Vi inviterer dykk til 2 foreldresamtaler i året. Ei på hausten og ei frivillig på våren. Vi kaller også inn til ekstra møter der vi ser det er behov for det.

Husk at dess meir vi veit om kvardagen til barnet utanfor barnehagen, dess lettare er det å møte barnet på ein god måte. Så ver så snill å del med oss om det er noko ekstraordinært som skjer heime, det kan vere mange ting som påverkar kvardagen til barnet; td. Samlivsbrot, dødsfall i nær familie osv.

Samarbeid med andre instansar

Regjeringen forventer – at kommuner og fylkeskommuner arbeider målretta for ein felles kultur for samarbeid på tvers av tenestene for å gi barn og unge som treng det, et helskapeleg tilbud. Godt tverrfaglig samarbeid handlar om at ulike fagmiljø arbeid saman og ser tilboda til barn og unge i samanheng (Meld.St. 6, 2019-2020, s. 6)

I Ålesund kommune samarbeidar barnehagane tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, Barneverntenesta, Helsestasjonar, skular m.m.

Rabbevågen barnehage samarbeidar med Blindheim barneskule, møre barneskule, helsestasjonen, Høgskulen i Volda, barnevernet, PPT, HABU, Logoped mm.

Teieplikt, opplysningsplikt og avvergeplikt

Barnehagelova § 20 pålegg teieplikt om forhold dei tilsette i barnehagen blir kjent med gjennom si stilling (jf. Fvl. § 13). Teieplikta er ein viktig føresetnad for at barnehagen skal bli informert om opplysingar i høve familieforholda til barn som kan vere avgjerande for opphald, trivsel og utvikling i barnehagen.

Barnehagelova § 22 pålegg tilsette i barnehagen, utan hinder av teieplikt, å gi opplysingar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at det fins mishandling av barn i heimen eller andre formar for alvorleg omsorgssvikt, også kalt meldeplikt. I tillegg skal ein gi opplysingar til barneverntenesta når ein bli bedd om det.

Ifølge straffelovens generelle bestemming om avverge, §196, er einkvar forplikta til å søke å avverge ei straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt då det fremdeles er mogleg, og det framstår som sikkert eller mest truleg at handlinga er eller vil bli begått. Den generelle avvergingsplikta gjeld også tilsette i barnehagen

Alle tilsette i barnehagen har godkjent politiattest.



Overgangar

Når barnet starter i barnehagen

I Rabbevågen barnehage har vi utarbeida eit hefte som alle nye foreldre får utdelt. Den heiter: Velkommen til Rabbevågen. Her står det vi meiner er viktig å vite når vi skal ta til med tilvenning. Vi må ta høgde for at alle born er ulike og treng individuell tilpassning i tilvenningstida men det er tjenelig å ha ei standard prosedyre slik at vi sikrer at alle får ein god start. Etter at de har hatt første dagen i barnehagen avtaler de med pedagogen korleis de skal legge opp tilvenninga vidare.

Vi ønsker trygge barn og vi anser ikkje tilvenninga for overstått før vi ser at barnet er trygt hjå oss. Sjølv om vi prøver med korte økter utan at de er der er det viktig at de ikkje er langt unna. Det er også viktig at de stoler på at vi tek kontakt dersom barnet ikkje roer seg. Vi må rekne med ein protest i det dykk seier hadet men dersom barnet ikkje roer seg etter at de har gått så ringer vi. Her er det viktig med tydelig kommunikasjon. Fortel personalet kva de tenker og om noko er vanskelig, slik kan vi få det beste moglege samarbeidet og trygge barn og foreldre.

Tryggleik er det viktigaste for eit lite barn. Er mor eller far utrygge på å levere ifrå seg barnet til barnehagen, kan denne utryggheita lett smitte over på barnet si oppleving av den nye situasjonen. På mange måtar kan vi seie at å starte med å trygge foreldra, er den beste måten å trygge barna på. Trygge foreldre gir barna en oppleving av at "her er det trygt å være".

Overganger i barnehagen

På vårhalvåret starter vi med overgangen mellom avdelingane. Dei som skal på storbarnsavdeling må få bli kjent med romma og rytma på desse avdelingane. Barnehagen har utarbeida ei eiga prosedyre på dette. Frå januar skal borna få gå på besøk på avdelingane saman med sine kjente pedagoger i rolige deler av dagen, for å verte kjent med romma. I perioden april – juni legg vi opp til faste besøksdagar på ny avdeling, med det same vi har landa kva avdeling barna skal starte på så legg vi opp til faste dagar og faste grupper. Dette skal skje i nært samarbeid mellom pedagogiske leiarar på storbarn då det vil vere hensiktsmessig at dei yngste barna på avdelingane er der saman med eit personal. pedagogiske leiarar og styrar går igjennom barnegruppa og bestemmer korleis barnegruppene skal fordelast på blå/ grøn. Vi har nokre spelereglar når vi bestemmer dette:

- barnets beste
- vedtak (ressursfordeling)
- relasjonar til andre barn
- relasjoner til familien (dersom det er viktig og eller aktuelt)
- helst ikkje søsken på same avdeling dersom ikkje noko talar veldig for det.
- balanse i gruppene

I juni har vi 2 eller 3 besøksdagar der vi setter av heile formiddagen til at nye barn med foreldre skal få komme på besøk (dette gjeld småbarn) då skal alle som skal over på ny avdeling vere på si nye avdeling heile formiddagen saman med eit personal. Samtidig er det turdag for førskulebarna så dei er ikkje i barnehagen i det heile. Dette vil skape rom for at personalet kan ta seg god tid til både overgang til ny avdeling og dei som er heilt nye og skal starte i barnehagen i august.

Overgang frå barnehage til skule

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga (Rammeplanen kap 6)

Ålesund kommune har utarbeida ein plan for overgang frå barnehage til skule som alle dei kommunale barnehagane følg. Dette for å sikre:

- ein god samanheng og progresjon i opplæringa som varetar fagleg og sosial utvikling for barnet – det siste året i barnehagen og det første året på skolen
- ein trygg skulestart for barn som begynner på 1. trinn og for deira føresette
- tidleg innsats for barn med særskilde behov
- gode rutinar for samarbeid mellom barnehagar, skolar og SFO

I Rabbevågen har vi eit eige opplegg for førskuleborna. Foreldra vert inviterte til eit eige møte med dei ansvarlege pedagogane på hausten. Der vil de få informasjon om overgangen og opplegget i klubben. Klubben heiter kråkeklubben og har 1 – 2 møter i veka.

Eit av møta vil ofte vere ein tur og eit av møta vil vere inne i barnehagen med ulike tema og oppgåver. Vi legger ikkje vekt på «skulske» oppgåver men vi øver oss på å ta i mot ein beskjed, utføre ei oppgåve, rekke opp handa og liknande. Vi har det største fokuset på å bli sjølvstendige, tenke sjølv, vise omtanke, være inkluderande, være ein god ven, lytte når andre snakkar og mykje meir. Dette er jo kanskje meir diffuse læringsmål men at barna har øvd på dette er med på å ruste dei til skulestart og vidare i livet.

Vi har foreldresamtalar på haust og vår og elles ved behov. Foreldra vert oppmoda til å signere eit informert samtykke slik at vi kan overføre naudsynt informasjon til skulane. Dette er det beste for borna slik at skulen er klar for å møte dei med alle dei ulike behova dei har. Det skal vere heilt klart for foreldra kva som vert overført av informasjon. For born med større særskilde behov må samarbeidet starte tidlegare og det vil bli satt opp fleire møter. Barn med fysiske funksjonsnedsettingar som krev større tilretteleggingar (td ramper, lydanlegg osv) må meldast inn 2 år før skulestart.

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. (Rammeplan kap 7)

Barn og foreldre skal ha medverknad i barnhagen sitt innhald. Gjennom både formelle og uformelle samtalar med foreldre samt gjennom organet SU sikrar vi at foreldre har innverknad på innhaldet, og har ei deltakande rolle i vurderinga. Tilbakemeldingar frå foreldre set vi stor pris på og er med på å forme barnehagen. Barnehagen sender og ut foreldreundersøking kvart år og resultata av denne gir ei rettesnor på kva vi skal jobbe med vidare. Resultata vert nytta som eit arbeidsverktøy for personalet i eit personalmøte.

Planlegging

Barnehagen skal tenke og handle langsiktig og systematisk, og planlegginga må basere seg på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe

(Rammeplanen kap 6)

«Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd kor det blir planlagt kontinuerlig, slik at enkeltbarn og barnegrupper får kontinuitet og at det blir progresjon i barnas utvikling gjennom det pedagogiske arbeidet. Planlegging gir grunnlag for å tenke langsiktig og systematisk i alt arbeid som foregår i barnehagen. Planlegginga skal baserast på kunnskap om barns trivsel og allsidig utvikling, både individuelt og i barnegrupper. Planlegging baserast på observasjonar, dokumentasjonar, refleksjonar, systematisk vurderingar og gjennom samtalar med barn og føresette»

Lov om barnehager og Rammeplan skal vere styrande dokument for planarbeidet vi gjer i barnehagen.

Årsplan: Styrar skal i tett samarbeid med dei pedagogiske leiarane utarbeide ein årsplan for barnehagen. Årsplanen skal vere eit arbeidsverktøy for dei tilsette. Mal for årsplan skal nyttast for å sikre at alle naudsynte element er med. Årsplanen skal godkjennast i SU (samarbeidsutvalet) innan 1 oktober. Styrer skal publisere årsplanen på heimesidene til barnehagen og legge den i Compilo.

Periodeplan: Pedagogiske leiarar har ansvar for å utarbeide ein periodeplan for si avdeling. Denne skal vere i tråd med årsplanen i barnehagen. Mal for periodeplan skal nyttast.

Vekeplan: For at arbeidsoppgåver skal vere forutsigbare skal pedagogiske leiarar sette opp ein vekeplan for dei tilsette. Mal for vekeplan skal nyttast.

Didaktiske planar: Det tilsette skal nytte didaktiske planar ved planlegging av aktiviteter. Planar skal gjerast kjent for heile personalet og det vert nytta ein eigen mal.

Møter

Barnehagen har personalmøte ein gong i månaden. Innhaldet på desse møta er bestemt framover i tid og vi følger eit årshjul. Møtet vert referatført.

Avdelingane har avdelingsmøter med jamne mellomrom, 1 gong i månaden eller meir ved behov. Det skal nyttast ein mal for desse møta og det vert referatført.

Pedagogiske leiarar har møte 1 gong i månaden eller meir ved behov. Møta vert referatført.

Barnehagelærarane har møte 1 gong i månaden. Møta vert referatført.

HSU – trepartsamarbeid har minimum 2 møter i halvåret. Møta vert referatført. HSU består av eigar (styrar), dei tillitsvalgte og verneombudet. Oppgåvene til HSU er eit godt samarbeid om arbeidsmiljøet og godkjenne turnuser.

Vurdering

Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med lov og forskrift.

(Rammeplan kap 7)

Etter end periode skal perioda og aktivitetane evaluerast avdelingsvis. Evaluering av didaktiske planar og arrangement skal delast med alle ansatte og vere ei rettesnor for neste gong vi skal ha liknande arrangement eller aktivitet.

Dei tilsette skal til ei kvar tid følgje med og observere barna. På avdelingsmøter skal personalet reflektere rundt tiltak og tilrettelegging rundt enkeltbarn og barnegruppa. Endring av tiltak og justeringar skal skrivast i referatet og gjerast godt kjent for alle som arbeider med borna.

Dokumentasjon

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i arbeidet med å planlegge, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Vurderingar i høve trivsel og allsidig utvikling skal dokumenterast når det er naudsynt for å gi eit tilrettelagt tilbod. Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Foreldre har rett til å sjå og få utlevert dokumentasjon om eigne barn, og til å få sletta eller korrigert opplysingar som er feilaktige eller misvisande.

(Rammeplan kap 7)



Pedagogiske leiarar/ barnehagelærar skal oppsummere veka på si avdeling og legge ut ei fredagsmelding til føresette på IST. Det vert også sendt ut eit månadsbrev til dei foreldra der det står litt om aktivitetane gruppa har gjort. Dei tilsette har god dialog med dei føresette i hente og levere situasjonen med barnet i fokus.

Evaluering av trivsel skjer på avdelingsmøta. Dersom vi er uroa for trivselen til eit barn nyttar vi undringskjema og frå undring til tiltak.

Vi tek plan for trygt og godt barnehagemiljø med i arbeidet. Plan for trygt og godt barnehagemiljø er utarbeida av Ålesund kommune og skal vere godt kjent for dei tilsette. Rutiner for å melde ifrå ligg i årshjulet til personalmøta og skal gåast igjennom med heile personalet 2 gongar i året, for å sikre at heile personalet veit korleis en melder ifrå.

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnader, også ved behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal arbeide målretta og systematisk for at barn som treng ekstra støtte får eit inkluderande og likeverdig tilbod, og slik vere ein del av eit meningsfullt fellesskap.

Om det er grunn til å tru at barnet sitt behov ikkje kan dekkast innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnehagen skal sørge for at barn som mottek spesialpedagogisk hjelp, inkluderast i barnegruppa og i det allmennpedagogiske tilbodet. (Rammeplan kap 7)

Ålesund kommune ynskje å gi alle barn eit likeverdig tilbod med høg kvalitet og god praksis. Eit likeverdig tilbod vil krevje både tilretteleggingar og lokale tilpassingar av innhald. Tidleg innsats handlar om eit godt pedagogisk tilbod og tilpassa omsorg til alle barn. Kvaliteten handlar om dei opplevingar og erfaringar både barn, foreldre og tilsette har av tilbodet som vert gitt, og blir skapt gjennom samhandling.

Barn som vert meldt opp til PPT får ei sakkundig vurdering og eit vedtak. Den sakkundige vurderinga er ei rettleiing til korleis dei ansatte skal jobbe. Det er svært viktig at dei som skal jobbe tett på desse barna har sett seg inn i vurderingane til PPT. Dersom barnet får eit vedtak om spesialpedagogisk hjelp vil det bli henta inn spesialpedagog frå PPT som skal jobbe målretta og strukturert med barnet i barnehagen og gi veiledning til personalet slik at vi også gir eit godt tilbod i det ordinære.

I Rabbevågen barnehage har vi implementert nytt system for å søke om tilrettelegging. Det er foreldra som søker men i nær dialog med pedagogen.

Barnehagen sine arbeidsmåtar

Progresjon

Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø (Rammeplan kap 8)

I Rabbevågen barnehage er vi opptatt av å ta borna sine initiaiv og bygge vidare på dei. Tildømes dersom nokon er opptatt av dinosaurer så lagar vi eit lite prosjekt ut av det. Det er naturleg at det er ein progresjon i kor mykje borna er involverte i prosessen med å bestemme kva temaarbeid vi skal jobbe med. Vi observerer leiken og er tett på dei minste og kan utifrå det la deira stemme komme fram. Dei uttrykker glede med kroppsspråk smil og latter og viser oss på den måten kva aktivitetar dei likar å holde på med.

I arbeidet med Rekomp vil det også vere ein progresjon. I år skal vi jobbe med lesing og det er veldig ulike måtar å lese på. Tildømes nyttar vi svært ofte ei form for dialogisk lesing der borna tek ein meir aktiv del i lesinga. Vi har eit mål om at alle barn skal bli lest for, dette blir eit samarbeid mellom barnehage og heim og vi oppfordrar heimane til å lese til barna heime også. Dei tilsette nyttar didaktiske planar når dei planlegger aktivitetar, slik at innhaldet alltid vert vurdert oppimot rammefaktorar og forutsetningar barna har.

Fagområda

Kommunikasjon språk og tekst

Vi jobber mykje med dette fagområdet i år. Vi har ekstra fokus på lesing og leseglede. Borna skal få erfaringar med ulike måtar å bruke språket på gjennom rim, regler, eventyr og bøker, samt gjennom ASK med teikn til tale og bildestøtte. Dei skal også få erfaringar med at vi skriv og les i det daglige.

Vi oppmuntrer borna til å leike-skrive. Dette er ofte den førte erfaringa dei får med skriftspråk, der dei lagar nokre krussedullar på eit ark og seier det er handleliste og "lest som" det står godteri, brus osv.

Vi etablerer eit bibliotek der vi skal tilby kvalitetslitteratur, kosekrok og brettspel.

Kropp, rørsle, mat og helse

Vi er mykje ute i allslags vêr. Barna skal få erfaringar og kjenne glede ved å vere fysisk aktive i eit variert og utfordrande miljø. Vi har eit allsidig utemiljø i barnehagen og vi nyttar dei flotte turområda i nærmiljøet til å gi borna passelig med utfordring.

Vi har tre måltid i barnehagen og prøver å tilby eit variert kosthold med rikelig med frukt og grønt. Minst ein gong i veka har vi varmmåltid og då er nokre av borna med på å lage til maten. Vi vil at borna skal får eit sunt og godt forhold til mat og matlaging.

Helse er delt i to der den eine er den fysiske helsa vår. Den skal vi ta vare på ved å vere fysisk aktive, ete næringsrik og sunn mat og gjere naudsynte tiltak i forhold til hygiene og smittevern. Det er viktig med eit tett samarbeid med heimen slik at vi har ein felles forståelse for smitte vern og kva tid borna må haldast heime.

Den andre delen av helse er den psykiske helsa vår. Vi skal ha eit gjennomgåande tema i heile barnehageløpet der vi har fokust på livsmestring og helse. Vi skal ruste borna til å tole både medgang og motgang. Vi nyttar her planen for eit trygt og godt barnehagemiljø og Livet og sånn i arbeidet. Også her er det viktig med eit tett og godt samarbeid med heimen.

Kunst, kultur og kreativitet

Vi er opptatt av at borna skal få utrykke seg gjennom kunst. Dei skal få erfaring med å bruke ulike matreale og oppgåvene skal ikkje vere for bestemte på førehand.

Vi har eige atelier der borna får tilgang på ei mengde med ulike materiell. Det er viktig at borna får nytte fantasien sin i formingsaktivitetar.

Natur, miljø og teknikk

Vi nyttar turområdet ved Stafsethneset til mykje variert naturfagleg innhald. Her er både skog og fjøre. Eit rikt dyreliv med både småkryp, fiskar, krabber, ekorn, ender og andre fuglar og mykje meir. Våre pedagogar har mykje naturfagleg kunnskap og er flinke til å undre seg saman med borna om livet i naturen.



Mengd rom og form

Tall og teljing er noko borna er opptatt av. Vi har tilgjengeleg og synleg ulike former for tall og teljing. Leiker har sin faste plass og borna er med på å sortere og rydde. Vi har alderstilpassa leiker som lærer borna skilnadar og likskapar på ting, stor og liten, bak, framom, opp på og under osv. For førskuleborna nyttar vi "trampoline"-boka. her er det mykje sortering, mønster og andre oppgåver som inngår i dette fagområdet. Å sortere og lage mønster ser vi at bar interesserer seg for frå dei er ganske små. Det kan vere å sette alle bilane i ei bestemt rekkefølge, lage mønster med nabbipærler og oppdage at kle eller tekstilar har mønster i seg.

Etikk, religion og filosofi

Vi har ein vanleg formålsparagraf som seier at vi skal arbeide etter kristen og humanistiske verdier. Vi markerer dei store høgtidene jul og påske etter kristne tradisjonar og vi vil fortelje historiene utan å forkynne. Vi har mange religionar i barnegruppa og vil markere dei største og viktigaste høgtidene som td EID. Dette krev eit tett foreldresamarbeid for at vi skal få til så det er viktig at foreldra fortelje oss kva som er viktig for dei og kva dei vil at vi skal markere Det er viktig at vi møter alle borna med eit opent sinn og undrar oss saman med dei om livets store spørsmål etterkvart som borna tek initiativ til det. Vi har besøk frå kyrkja ved jul og påskehøgtida og vi bruker å reise på besøk til kyrkja på julevandring.

Vi arrangerer haustfest med tombola der inntektene går til veldedig føremål. I år som i fjor har vi valt sjukehusklovnane på ålesund sjukehus. Vi nyttar høvet til å lære borna at å gi noko til dei som treng det kan gi oss glede. Sjukehusklovnane gjer kvardagen til barn som er sjuke betre og dei er svært viktige for desse barna.



Nærmiljø og samfunn

I nærmiljøet våra har vi Stafsethneset som vi nyttar fleire gongar i veka. Der kan vi også observere dei store skipa på Vegsund slip.

Bossbilen er for dei fleste vekas store happening. Då stiller vi oss pent på rad for å sjå når dei store dunkane vert velta opp i bilen. Borna får erfaringar med at det finns ulike yrker og at vi har ulike oppgåver.

Av og til kjem vaktmeisteren innom og for nokon er det veldig spennande. Vi har eit rikt kulturelt mangfald i barnehagen og det dreg vi stor nytte av. Borna skal lære at det her ein verdi å kjenne til ulike kulturar og levesett. I Livet og sånn vert vi kjent med mange ulike familieformer. Det kan til dømes vere familier med anna etnisk bakgrunn enn norsk, familiar med ein vaksen, familiar med to vaksne av samme kjønn, familiar der ein vaksen er sjuk, familiar der eit barn er sjuk og mange fleire.

Barnehagerute for Rabbevågen barnehage

August	1	Nytt barnehageår tek til
	15	Planleggingsdag
September	11	Planleggingsdag
	18	Foreldremøte
	Veke 38	Brannvernveke
	Veke 39	Brannvernveke
Oktober	23	Hautfest
	-	Foreldresamtalar
November	-	Foreldresamtalar
	-	Kartlegging jul
Desember	12	Luciafeiring
	18	Nissefest
	29-30	Jul. Barnehagen åpen dersom meir enn 20% av barna har meldt behov
Januar	02	Planleggingsdag
	06	Samenes nasjonaldag
Februar	13	Fastelavn
	-	Karneval
	-	Kartlegging påske
Mars	10	Barnehagedagen
	30	Påske. Barnehagen åpen mandag-onsdag dersom meir enn 20% av barna har meldt behov.
	-	Dersom det er åpent denne onsdagen (før skjærtorsdag) stenger barnehagen i alle tilfelle kl 12.00
April	07	Første dag barnehagen er åpen etter påske
	-	Foreldresamtalar
Mai	01	Arbeiderenes dag – barnehagen stengt
	13	Øving til nasjonaldagen
	14	Kristi himmelfartsdag – barnehagen stengt
	15	Planleggingsdag – barnehagen stengt
	25	2. pinsedag – barnehagen stengt
	-	Foreldresamtaler
	-	Innskriving på skulane
Juni	-	Foreldremøte for nye foreldre
	15	Planleggingsdag– barnehagen stengt
	-	Sommarfest
	-	Besøk på SFO
	-	Avslutting på kråkeklubben

Barnehagen har feriestengt i veke 29, veke 30 og veke 31.

Siste dag før ferien blir då 10 juli.
Første dag blir 3. august.